



Kunnskapsgrunnlag kulturarenaer i Vestland

November 2025

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Mandat for arbeidet	3
1.2 Avgrensingar og definisjonar	3
1.3 Vestland fylke – utviklingsplan og utfordringsbilde	4
1.4 Kulturbygg og kulturarenaer – historisk utvikling	4
2. Samandrag: Status og utfordringsbilete i Vestland	6
3. Kulturarenaer i Vestland	7
3.1 Kulturbygg eigd av frivillige organisasjonar, stiftingar, private og andre.....	7
3.2 Offentleg eigde kulturarenaer	8
4. Tilskotsordningar til kulturarenaer.....	9
4.1 Spelemidlar til kulturbygg	9
4.2 Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar	10
4.3 Kulturrom.....	12
4.4 ARENA	13
4.5 Tilskot til nasjonale kulturbygg	14
4.5 Andre tilskotsordningar til kulturarenaer	15
5. Mål, planar og politikk	16
5.1 Nasjonale rammer og mål for kulturbygg- og arenaer.....	16
5.2 Regionale planar og mål for kulturbygg- og arenaer.....	17
5.3 Kommunale planar og mål for kulturbygg- og arenaer	17
6. Undersøkingar og forskning	19
6.1 Kulturlivet og frivilligheita sine behov for lokale	19
6.2 Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg.....	20
6.3 Kulturarenaer – tilgjenge og funksjon	21
6.4 Endringstrekk, berekraft og framtidens kulturlokale.....	23
7. Ressurssider, rettleiarar og verktøy	24
8. Kjelder.....	25

1. Innleiing

I Vestland har vi svært mange kulturbygg- og arenaer, frå dei største konsert- og scenekunstscenene, til dei mange små og litt større grendehusa og ungdomshusa. Kulturarenaene er ein viktig del av infrastrukturen rundt eit stort mangfald av kulturytringar, som musikk, dans, teater, visuell kunst, litteratur og kulturarv.

Kulturarenaene har ein viktig funksjon for utøving og formidling av kultur. I tillegg kan dei ha ein utvida funksjon for sosiale møte mellom menneske, og som møtestader for større eller mindre lokalsamfunn.

Kulturarenaene endrar seg i takt med endringar i samfunnet. Skal vi løfte kulturarenaene i fylket treng vi kunnskap og handling. Derfor har Vestland fylkeskommune laga dette kunnskapsgrunnlaget om kulturarenaer i Vestland. Gjennom kunnskapsgrunnlaget ser vi på statusen og utfordringar for feltet. Vi har samla inn oversikt over mange av kulturarenaene og over tilskot som er gitt til desse dei seinare åra. Denne oversikta blir presentert saman med forskning og undersøkingar, i tillegg til utdrag frå politiske planar nasjonalt, regionalt og lokalt.

Både staten, fylkeskommunane og kommunane spelar sentrale roller innan forvaltning og utvikling av kulturarena-feltet. Kunnskapsgrunnlaget er med å identifisere utfordringar og kan legge grunnlaget for utvikling av politikk og prioriteringar på feltet.

1.1 Mandat for arbeidet

Arbeidet med å utvikle eit kunnskapsgrunnlag for kulturarenaer er vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune som eit tiltak i årsplan 2025 til regional plan for kultur 2023-2035.

Mandatet for arbeidet vart fastsett i leiargruppa i avdeling for kultur og folkehelse i februar 2025:

Hovudmålet er å utvikle eit kunnskapsgrunnlag som gir fylkeskommunen og andre aktørar i Vestland eit betre grunnlag for planlegging og utvikling av kulturarenaer. Gjennom arbeidet skal vi få oppdatert kunnskap om eksisterande kulturarenaer i fylket, tilgjengelege finansieringsordningar og relevant forskning, statistikk, verktøy og ressursar. Vi skal identifisere utfordringar på feltet og legge grunnlag for politikkutvikling og prioriteringar i fylkeskommunen.

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har blitt leia av seksjon for kulturutvikling. Andre seksjonar i avdeling for kultur og folkehelse og aktørar utanfor fylkeskommunen har bidratt i arbeidet.

1.2 Avgrensingar og definisjonar

Det finst ulike definisjonar på kulturarenaer. I *Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg*,¹ som Oslo Economics la fram i 2025 på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet, blir det slått fast at det ikkje finst ein eintydig definisjon på kulturarena. Vi vel likevel å bruke same inngangen som er nytta i denne rapporten for å forklare kva vi meiner med «kulturarena»:

Med kulturarena sikter vi [...] til alle stader der kulturell virksomhet utøves, enten det er i kulturhus, samfunnshus eller andre forsamlingshus, skoler, bibliotek eller andre lokaler innendørs eller utendørs. Bruk av begrepet kulturarena, i stedet for kulturbygg, synleggjør at kulturell virksomhet ofte finner sted i bygg og lokaler som ikke utelukkende benyttes til kultur.²

¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

² Ibid., s. 12

I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget har det vore nødvendig å avgrense feltet vi har studert. Vi har derfor i hovudsak sett på dei fysiske arenaene for ulik kulturell verksemd. Dette gjeld verksemd innan kulturytringar som musikk, scenekunst og teater, dans, visuell kunst, litteratur, dataspel, film, kulturarv, design og kunsthandverk. Samtidig rommar mange av kulturarenaene andre aktivitetar, og er viktige møteplassar for folk, lokalsamfunn og frie ytringar.

Universell utforming blir omtalt i fleire av kapitla i kunnskapsgrunnlaget. I *Lov om likestilling og forbud mot diskriminering*, § 17 blir universell utforming definert på følgjande måte:

Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjoner kan benyttes av flest mulig, uavhengig av funksjonsnedsettelse.³

1.3 Vestland fylke – utviklingsplan og utfordringsbilde

*Utviklingsplan for Vestland 2024-2028*⁴ slår fast fire breie satsingsområde for samfunnsutviklinga: Velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid. Utviklingsplanen byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag og ei folkehelseoversikt.

Dei største utfordringane i Vestland er summert opp i ein utfordringsrapport.⁵ Utfordringane som her blir nemnt er mellom anna ujamn befolkningsutvikling, variasjon i stadattraktivitet, at frivilligheita er utfordra og i endring og at klimaomstillinga går for sakte. Utfordringane handlar vidare mellom anna om at den sosial ulikskapen aukar i helse, inntekt og bustad, sosiale skilnader i samfunnsdeltaking, arealkonfliktar, at infrastrukturen ikkje er i tråd med behova og at det er behov for tettare samarbeid og satsing på forskning, innovasjon og effektiv planlegging for å kome til berekraftsløysingar.

*Folkehelseoversikta for Vestland 2023-2027*⁶ ligg til grunn for arbeidet med utviklingsplanen. I denne oversikta blir det peika på fire folkehelseutfordringar for fylket:

1. Sosial ulikskap i helse
2. Demografiske endringar
3. Psykisk helse og livskvalitet
4. Klimaendringar

Utviklingsplanen, utfordringsrapporten og folkehelseoversikta gir eit viktig bakteppe i arbeidet med å vidareutvikle kulturarenaer i Vestland.

1.4 Kulturbygg og kulturarenaer – historisk utvikling

Utviklinga av omgrepet «kulturarena» speglar grunnleggande endringar i norsk kulturpolitikk frå 1945 fram til i dag - frå fokus på institusjonelle "kulturbygg" til dagens mangfaldige forståing av kulturarenaer som alle stader der kulturell verksemd finn stad.

Etterkrigstida markerte starten på systematisk statleg satsing på kulturell infrastruktur. Statens kulturpolitikk i etterkrigsåra gjekk i stor grad ut på å bringe det som då vart oppfatta som høgverdig kultur ut til så mange som mogleg.⁷ Då forgjengaren til dagens desentraliserte ordning for tilskot til kulturbygg vart etablert i 1950, var han utforma som støtte til bygging av samfunnshus som skulle vere "dimensjonert og utformet både for det lokale forenings-, idretts- og kulturliv og for å kunne ta imot kultur utenfra".⁸

³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51>

⁴ <https://vestlandfylke.no/globalassets/foto/plan/utviklingsplanen/upvl-2024-2028-regional-planstrategi.pdf>

⁵ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/utviklingsplan-for-vestland-2024-2028/utfordringsrapport-for-utviklingsplan-for-vestland-2024-2028-regional-planstrategi.pdf>

⁶ <https://storymaps.arcgis.com/collections/8965107e85b3401db4c7a8a40d0711a3>

⁷ <https://www.norgeshistorie.no/oljealder-og-overflod/1943-en-ny-kulturpolitikk.html>

⁸ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>, s. 9

Frå omkring 1970 vart det lagt mindre vekt på å spreie kulturytringar skapt i sentrale byar ut over landet, og meir vekt på kultur med opphav i distrikta og på eigenaktivitet. Folk skulle vere deltakarar, ikkje berre tilskodarar eller tilhøyrarar.⁹ Dette endra tankesettet rundt kulturarenaer.

Innføringa av "det utvida kulturbegrep" som også inkluderte idrett og ungdomsarbeid, utvida spekteret av kulturarenaer vesentleg. Frå byrjinga av 1990-åra auka i tillegg eigenaktiviteten i befolkninga som heilskap, og mest blant barn og unge. Dette gjorde behovet for øvingsrom og andre arenaer for kulturskapande aktivitet viktigare.¹⁰

Kulturelt mangfald og inkludering vart eit større tema i norsk kulturpolitikk frå 1990-åra.¹¹ Dette skapte behov for nye typar kulturarenaer som kunne tene eit fleirkulturelt samfunn. Digital teknologi endra kulturlandskapet radikalt og utfordra tradisjonelle definisjonar av kva ein kulturarena er.

Det er særleg i denne siste perioden at skiftet av omgrep frå "kulturbygg" til "kulturarena" har skjedd. Som Oslo Economics-rapporten¹² frå 2025 peikar på, viser bruken av omgrepet kulturarena at "kulturell virksamhet ofte finner sted i bygg og lokaler som ikke utelukkende benyttes til kultur". Skiftet av omgrep speglar ei meir pragmatisk og inkluderande tilnærming. I staden for å tenke at kultur berre høyrer heime i spesialiserte kulturbygg, blir det anerkjent at kultur skjer overalt der menneske møtast - i skular, samfunnshus, bibliotek, kyrkjer og på digitale plattformer. Koronapandemien akselererte digitaliseringa og skapte hybride kulturarenaer som kombinerer fysiske og digitale element.

⁹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

¹⁰ Ibid.

¹¹ https://snl.no/norsk_kulturpolitikk

¹² <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

2. Samandrag: Status og utfordringsbilete i Vestland

Kulturarenaene endrar seg i takt med endringar i samfunnet. Punkta i samandraget nedanfor er henta frå både forsking, undersøkingar, kartleggingar, politiske dokument mv. nasjonalt og i eige fylke som du vil møte seinare i dokumentet.

Mange arenaer og lite tilskotsmidlar

- Det finst ei stor spennvidde av kulturarenaer, frå offentlege kulturhus, samfunnshus, grendehus og ungdomshus, til skular, bibliotek, kyrkjer, utandørs arenaer og museum.
- Vi har samla inn data frå meir enn 1300 ulike kulturarenaer. Om lag 1/5 av desse er eigd av kommunar og det offentlege og om lag 4/5 av stiftingar, frivillige eller private organisasjonar.
- I Vestland og landet elles finst det ikkje ei samla oversikt over kulturbygg- og arenaer. Dette gjer det utfordrande å få eit heilskapleg bilete av status og utfordringar.
- I Vestland blir det gitt mest tilskot gjennom *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg* (spelemiddelordninga) og *Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar*, i tillegg til ordningane *Kulturrom*, *ARENA* og *Tilskot til nasjonale kulturbygg*.
- Tilskotet frå spelemidlane til kulturbygg har gått ned med om lag 100 mill. kr frå toppåret 2013. Tilskotsramma er ikkje stor nok til å møte behova for eigna og tilgjengelege arenaer.
- Vestland peikar seg ut som fylket med flest søknader i fleire av dei nasjonale tilskotsordningane.

Varierende tilgjenge og behov for oppgradering

- Skular er den viktigaste øvingsarenaen for kulturlivet, etterfølgd av samfunnshus, kulturhus og kyrkjebygg, viser ulike kartleggingar på feltet.
- Dei vanlegaste framsyningsarenaene er kyrkjebygg, kulturhus, samfunnshus/grendehus, skular og konsertstader.
- Mange kulturorganisasjonar svarar at øvingsarenaene er tilgjengelege med omsyn til geografi, reiseveg, pris og kapasitet, medan nokre færre svarar at framføringsarenaene er tilgjengelege når det gjeld pris og kapasitet.
- Moderne kulturhus blir rekna som godt eigna til kulturell verksemd, medan skular og samfunnshus ofte blir rekna som mindre eigna.
- Fleirbruk, sambruk og auka samarbeid mellom ulike aktørar er nemnt som viktige faktorar for å utvikle kulturarenaene.
- Mange av kulturbyggja som er eigd av frivillige organisasjonar har behov for oppgraderingar.
- Akustikk, teknisk utstyr og lagerforhold blir løfta fram som ei utfordring av mange kulturorganisasjonar.
- Om lag halvparten av kulturlokala er lagt til rette for personar med rørslehemming, og færre for personar med høyrselshemming.
- I ei kartlegging om universell utforming i Vestland kjem det fram at kulturbygg er blant bygningane som er rapportert til å ha dårlegast tilgjenge, medan skular og kyrkjebygg har noko betre tilgjenge.

Få kommunar har planar for framtidens kulturarenaer

- Det finst ulike lovverk og nasjonale og regionale planar for kulturarenafeltet.
- Den nye kulturlova stiller krav om at kommunar og fylkeskommunar skal ha skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet og fastsetje mål og strategiar for dette feltet.
- Få kommunar i Vestland har eigne planar eller strategiar for kulturarenaer. Mange kommunar har kulturminneplanar og nokre færre har eigne planar for kulturfeltet.
- Det finst ulike ressursar og verktøy for kulturarenaer. Det finst i dag offentlege standardar for musikklokale, men ikkje for lokale til mellom anna dans, visuell kunst, teater og scenekunst.
- Ulike kulturaktørar tar til orde for at framtidens kulturlokale kan bli klimanøytrale eller klimapositive, og at framtidens kulturlokale primært bør etablerast i eksisterande bygg.
- Stadbundne kvalitetar, fleirfunksjonalitet, transformasjon av eldre industribygningar, aktivering av områda rundt kulturbygget og berekraft blir peika på som sentrale faktorar ved utvikling av kulturarenaer i dag og i framtida.

3. Kulturarenaer i Vestland

Flere kjelder gir oss bilete av kor omfattande kulturarenalandskapet er i Vestland:

- *Huset i bygda* har registrert om lag 900 organisasjonseigde kulturbygg i Vestland.¹³ Dette er den største systematiske registreringa av slike bygg og omfattar primært samfunnshus, grendehus, ungdomshus og andre forsamlingsbygg som er eigd og drivne av frivillige organisasjonar.
- *Anleggsregisteret* har 526 arenaer registrert som "kulturarena" i Vestland. Dette registeret dekker både offentlege og private arenaer, men ein stor del av dei er privateigde.
- *Norske kulturhus* har 17 offentleg eigde kulturhus som medlemmer i Vestland.¹⁴
- *Kulturalliansen* sitt kartleggingsprosjekt har per mai 2025 kartlagt 84 kommunar i landet med til saman 1 555 hus og 2 369 rom. Dette er gjort i samarbeid med Norsk musikkråd og Kulturrom, og omfattar rom, lokale, arenaer og hus som blir brukt i kultursamanheng – både til øving, undervisning, produksjon, framsyningar og formidling.¹⁵
- *Norsk musikkråd* sitt registreringsverktøy (musikklokaler.no) inneheld ein database over musikklokale som blir brukt til akustikkmålingar og kartlegging.¹⁶
- *Den norske kyrkja*: Bjørgvin bispedømme har 179 sokn fordelt på 11 prosti og 58 kyrkjelege fellesråd. Kvart sokn har normalt minst éi kyrkje, noko som gir minst 179 kyrkjer i fylket. I 2024 var det 1 948 konsertar og kulturarrangement i kyrkjer i Vestland.¹⁷
- *Bibliotek*: Statistikk for folkebibliotek publisert av Nasjonalbiblioteket viser at Vestland i 2023 hadde 100 faste bibliotekeiningar fordelt på 43 kommunar. Dette inkluderer 43 hovudbibliotek og 57 avdelingar/filialbibliotek.¹⁸
- *Skular*: Nasjonalt skoleregister (NSR): Vestland fylke har 369 grunnskular og 286 vidaregåande skular registrert i Nasjonalt skoleregister (2025). Dette inkluderer både offentlege kommunale/fylkeskommunale skular og private skular.¹⁹
- *Museum*: 73 museumseiningar er registrerte i Enhetsregisteret (næringskode 91.02).

Det har ikkje vore gjort nokon systematisk kartlegging av kulturarenaer på nasjonalt nivå. Det vi har av tal er frå Huset i bygda-prosjektet og gjeld organisasjonseigde kulturbygg:

- I Noreg har vi over 5000 organisasjonseide kulturbygg totalt.²⁰
- Vestland har ca. 900 organisasjonseigde kulturbygg registrert i husdatabasen i Huset i bygda.
- Dette betyr at Vestland står for om lag 18 % av alle organisasjonseigde kulturbygg i Noreg.

Sjølv for organisasjonseigde kulturbygg - der vi har dei beste nasjonale tala - har vi ikkje ei komplett oversikt. For kulturarenaer generelt er biletet endå meir fragmentert. Anleggsregisteret dekker registrerte anlegg, men ikkje alle kulturarenaer blir nødvendigvis registrert her. Dette viser at vi manglar kartlegging og oversikt over feltet.

3.1 Kulturbygg eigd av frivillige organisasjonar, stiftingar, private og andre

Denne kategorien omfattar alle kulturarenaer som ikkje er i offentleg eige. Det inkluderer bygg og arenaer eigd av frivillige organisasjonar, stiftingar, private aktørar, kyrkjelege organisasjonar og andre juridiske personar.

¹³ <https://www.husetibygda.no/>

¹⁴ <https://www.kulturhus.no/>

¹⁵ <https://www.kulturalliansen.no/kulturlokaler>

¹⁶ <https://kulturrom.no/tildelinger/>

¹⁷ <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/religion-og-livssyn/statistikk/den-norske-kerke>

¹⁸ <https://bibliotekutvikling.no/statistikk/forside/statistikk-for-folkebibliotek/>

¹⁹ <https://data-nsr.udir.no/swagger/index.html>

²⁰ <https://www.ungdomslag.no/bodstikka/nytt-liv-i-gamle-vegger>

Ei overordna eigarskapsfordeling viser at kategorien frivillig/stifting/privat er den klart største med mellom 75 og 85 % av totalen. Vidare viser datagrunnlaget at eigarskapet fordeler seg omtrent slik, basert på *Huset i bygda*²¹ sine registreringar:

- Foreining/lag/innretning, ca. 60-65 %: Ungdomslag, bygdelag, grendelag, bedehusforeiningar, idrettslag og andre frivillige organisasjonar.
- Samvirkeføretak, ca. 10-15 %: Mange samfunnshus og grendehus er organisert som samvirkeføretak eller andelsselskap.
- Stiftingar, ca. 3-5 %: Kulturstiftingar og andre ideelle stiftingar som driv kulturverksemd.
- Private aktørar: Aksjeselskap og enkeltpersonar som eig kulturarenaer.

Her er ei oversikt over ulike typar arenaer eigd av frivillige organisasjonar, stiftingar, private og andre:

- *Tradisjonelle forsamlingsbygg*: Ungdomshus/ungdomslagshus, samfunnshus, grendehus, bygdehus/bygdetun, bedehus og forsamlingshus.
- *Spesialiserte kulturbygg*: Kulturhus og kulturbygg, musikkbygg og konsertsalar, galleri og kunsthallar, museum og kulturhistoriske bygg.
- *Kyrkjebygg og religiøse arenaer*: Kyrkjer og kyrkjelydshus, bedehuskapell og misjonshus, forsamlingshus knytt til ulike trussamfunn.
- *Andre kulturarenaer*: Utandørs kulturarenaer og amfi (t.d. Gulatinget, Kinnaspelet, Selja Kloster og Moster Amfi), fartøy og mobile kulturminne (t.d. Litteraturbåten Epos, D/S Stord og Gamle Vossabanen), historiske bygg omforma til kulturbruk, spesialiserte verkstader og atelier.

I ei samla oversikt kan det vere at kyrkjer og bygg tilhøyrande den norske kyrkja bør samlast i ein eigen kategori. Sjølv om mange kyrkjer i praksis fungerer som viktige kulturarenaer, skil dei seg ut ved særskilt juridisk status og regelverk som ikkje gjeld for andre kulturarenaer. Regjeringa har frå 2024 sett av 10 milliardar kr i eit Kyrkjebevaringsfond.²²

3.2 Offentleg eigde kulturarenaer

Offentleg eigde kulturarenaer omfattar alle bygg og arenaer som er eigd av kommunar, fylkeskommunen eller staten. Desse arenaene skal tene heile befolkninga og har ofte eit breiare mandat for kulturformidling og samfunnsutvikling.

Ei overordna eigarskapsfordeling viser at kategorien offentlig eigde kulturarenaer er mellom 15 og 25 % av totalen. Her er ei oversikt over ulike typar arenaer:

- *Utdannings- og oppvekstbygg som kulturarenaer*: Skular med kulturarena-funksjonar, kulturskular og musikkskulelokale, barnehagar med kulturelle fasilitetar.
- *Bibliotek og læringsarenaer*: Folkebibliotek med møterom og kultursal, kombinerte bibliotek- og kultursenter, mobile bibliotekenester.
- *Dediserte kulturbygg*: Kommunale og regionale kulturhus, konsertsalar og teatersalar, kulturverkstader og ungdomshus.
- *Helse- og omsorgsbygg med kulturfunksjonar*: Dagsenter og aktivitetssenter, eldresenter med kulturaktivitetar, helse- og velferdsbygg med møterom.
- *Andre offentlege kulturarenaer*: Kommunehus med møterom og utstillingsareal, idrettsanlegg med kulturfunksjonar, utandørs arenaer og kulturparkar.

Dei offentlig eigde kulturarenaene har ofte eit særskilt ansvar for tilgjengelege, inkluderande kulturtilbod og universell utforming. Mange fungerer som kombinerte anlegg der kultur blir kombinert med andre samfunnsfunksjonar som utdanning, helse og idrett. I Vestland har vi dei seinare åra fått fleire nye kulturarenaer med fleirbruk, nytta til undervisning i vidaregåande skule på dagtid og til kulturaktivitetar på kveldstid og i helgar. Trivselshagen på Sandane, Operahuset Nordfjord, Åsane kulturhus og Kipo kultursal på Askøy er døme på dette.

²¹ <https://www.husetibygda.no/>

²² <https://riksantikvaren.no/om-riksantikvaren/kirkebevaringsfondet/>

4. Tilskotsordningar til kulturarenaer

Kulturarenaer i Vestland får tilskot gjennom fleire ulike ordningar. Dei viktigaste er spelemiddelordninga, *Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar*, *Kulturrom*, *ARENA* og *Tilskot til nasjonale kulturbygg*. I tillegg kjem andre offentlege ordningar og midlar tildelt av stiftingar og private.

4.1 Spelemidler til kulturbygg

*Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg*²³ blir ofte omtalt som «spelemidler til kulturbygg» då finansieringa er frå overskotet til Norsk Tipping. Kultur- og likestillingsdepartementet har gitt fylkeskommunane ansvaret for å forvalte ordninga som har følgjande formål:

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.²⁴

Fylkeskommunane skal i følge retningslinjene fastsette vilkår for ordninga. I Vestland fylkeskommune er målgruppa for ordninga kommunar, frivillige lag og organisasjonar, og verksemdar som ikkje kan ta ut privat fortjeneste.²⁵

Ordninga er lyst ut årleg i Vestland, som har desidert flest søknader av alle fylka i landet. Løyvingane har variert mellom 6 og 9 millionar kr totalt i Vestland dei siste år. Gjennom dei politisk vedtekne retningslinjene har fylkeskommunen m.a. valt å prioritere lokale kulturbygg og praktisert ei «køordning» der dei som har venta lengst sidan første godkjenning blir prioritert.

Tildelingane frå ordninga i Vestland 2020-2024 viser følgjande:

- Totalt 73 tildelingar
- Totalt tildelt: 31 millionar kr
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 427 000 kr

Tabellen nedanfor viser tiltak som har fått totalt 1,5 mill. kr i ordninga, som er maksimal tilskotssum dei siste åra. Løyvingane er gitt over to eller fleire år.

Kommune	Tiltak	Periode
Alver	Alverhallen / kulturbygg	2 år
Austevoll	Kolbeinsvik bygdahus	3 år
Austevoll	Selbjørn skule	2 år
Høyanger	Byporten / Gunnar S. Galleri	2 år
Høyanger	Høyanger samfunnshus	2 år
Kinn	Eikefjord skule / kulturscene	3 år
Sogndal	Sogndal kulturhus*	3 år
Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	3 år
Vaksdal	Dale skule / kulturhus	3 år


* Sogndal kulturhus fekk tildelt i alt 2 275 000 kr i åra 2019-2021, pga. regionale funksjonar.

²³ <https://www.regjeringen.no/no/dep/kud/tilskudd/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/>

²⁴ https://www.regjeringen.no/contentassets/bd0644dd4732472a8dc5a435a7998e86/retningslinjer_for_f_orvalting_av_desentralisert_ordning_for_tilskot_til_kulturbygg-

²⁵ <https://vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturbygg/>

Diagrammet nedanfor viser tildelte midlar per innbyggjar i Vestland frå ordninga i åra 2020-2024:



4.2 Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

*Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar*²⁶ vart etablert som ei tilskotsordning i fylket i 2020 av hovudutval for kultur, idrett og integrering. Det har tidlegare eksistert ei liknande ordning i Hordaland. Føremålet til ordninga er:

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturbygg og kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Kulturarenaen skal ha verdi, storleik og nedslagsfelt som dekkjer behov ut over kommunegrensar, eventuelt også ut over fylkesgrensar, der busetnad, kommunikasjon og/eller kulturelt føremål gjer dette naturleg.

Kulturarenaen skal vere planlagt ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Ordninga kom i stand som eit supplement til spelemidlane til kulturbygg, då fylkeskommunen tar imot mange søknader om tilskot til større prosjekt for modernisering eller nybygg frå kulturarenaer med regionale funksjonar. I kriteria for ordninga blir det lagt vekt på at tiltaka det blir gitt støtte til må ha regional verdi, bidra til utvikling av kulturlivet i fylket, stimulere til samarbeid, høg kvalitet på søknaden og at midlane skal fordelast i høve geografi og sjanger. Det blir også lagt vekt på kva tidspunkt det vart søkt til kulturarenaen første gong.

Tildeling av midlar i ordninga har variert med åra. Fylkestinget har enkelte år sett av midlar til ordninga i årsbudsjettet og enkelte år har fylkestinget tildelt midlar i samband med disponering av mindreforbruk i fylkeskommunen sin rekneskap. Målgruppa er kommunar, fylkeskommunen, selskap, stiftingar, organisasjonar og andre som ikkje kan ta ut privat fortjeneste.

Tildelingane frå ordninga i Vestland 2020-2024 viser følgjande:

- Totalt 23 tildelingar
- Totalt tildelt: 90,95 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 3,95 millionar kroner

²⁶ <https://vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturarenaer-med-regionale-funksjonar/>

Tabellen nedanfor viser tiltak som har fått løyving i ordninga i perioden 2020-2024:

Tilskot til	Tildeling	År	Kommune
Bymuseet i Bergen (Publikumsbygg)	10 000 000	2022	BERGEN
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (Holvikeyekta)	10 000 000	2022	GLOPPEN
Hardanger og Voss museum (Hardanger fartøyvernsenter)	9 300 000	2021	ULLENSVANG
Fortidsminneforeningen (Urnes verdensarvsenter)	9 000 000	2024	LUSTER
Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter (Moster Amfi)	8 000 000	2022	BØMLO
Hardanger og Voss museum (Hardanger fartøyvernsenter)	7 000 000	2023	ULLENSVANG
Fjaler kommune (Samvirke Fjaler)	5 500 000	2023	FJALER
Voss herad (Gamlekinoen på Voss)	5 000 000	2024	VOSS
Kraftmuseet (Lindehuset)	4 000 000	2022	ULLENSVANG
Stiftelsen Svanøy hus (Kulturlåven)	2 500 000	2024	KINN
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (Holvikeyekta)	2 500 000	2023	GLOPPEN
Stiftinga Musea i Sogn og Fj. (Tinghuset - Fellesmagasin)	2 500 000	2024	SUNNFJORD
Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industri (Lindehuset)	2 100 000	2021	ULLENSVANG
Sunnhordland museum (Nye Sunnhordlandstunet)	2 000 000	2022	STORD
Stiftelsen Bymuseet i Bergen (Bryggens Museum)	1 990 000	2021	BERGEN
Griegghallen Utbygging AS (Griegkvartalet, arkitektkonk.)	1 500 000	2023	BERGEN
Griegghallen Utbygging AS (Griegkvartalet)	1 500 000	2022	BERGEN
Sunnfjord kommune (planlegging, visningssenter Astrup)	1 500 000	2022	SUNNFJORD
Griegghallen Utbygging AS (Griegkvartalet - prosjektutvikling)	1 250 000	2024	BERGEN
Teater Vestland (Teatersal, Nynorskhuset)	1 200 000	2023	SUNNFJORD
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland (Naturrom Lygra)	1 000 000	2024	ALVER
Museumssenteret i Hordaland (Tekstilindustrimuseet)	860 000	2021	BERGEN
Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter (Moster Amfi)	750 000	2021	BØMLO

I tillegg til tildelingane i ordninga kjem dei årlege tilskota på 5 mill. kr til utvikling av Sentralbadet scenekunsthus og årlege renter og avdrag på mellom 3,5 og 4 mill. kr for modernisering av Griegghallen.

Tilskotsordninga *Kulturarenaer med regionale funksjonar* var også ei etablert fylkeskommunal ordning i tidlegare Hordaland frå 2012. Tildelingane frå ordninga i åra 2012-2019 viser følgjande:

- Totalt: 53 tildelingar
- Totalt tildelt: 75 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 1,42 millionar kroner

Fleire av dei største kulturinstitusjonane fekk støtte over fleire år:

- Griegghallen: 6 tilskot over perioden 2013-2019, til saman 17,2 millionar kroner
- Stiftelsen Kulturhuset USF: 2 tilskot i 2012, til saman 7,5 millionar kroner
- Museum Vest: 4 tilskot (2013-2016) til ulike museumsprosjekt, til saman 6,9 millionar kroner
- Sunnhordland museum: 2 tilskot til modernisering (2014-2015), til saman 5,9 millionar kroner
- Stiftelsen Bymuseet i Bergen: 2 tilskot (2018-2019), til saman 4,6 millionar kroner

Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ikkje ei tilsvararande ordning, men gav større enkeltløyvingar til færre, men strategisk viktige prosjekt, mellom anna

- Sogn og Fjordane kunstmuseum: 36,5 millionar kroner
- Fellesmagasin Musea i Sogn og Fjordane: 20 millionar kroner
- Gulatinget: 21,1 millionar kroner

4.3 Kulturrom

*Kulturrom*²⁷ er ei nasjonal tilskotsordning som skal bidra til øvingslokale og gode tekniske vilkår for framføring av musikk, dans og teater. Gjennom ordninga kan ein søkje om tilskot til teknisk utstyr, til lokale eller til grønare investeringar. Midlane i ordninga har auka på landsbasis dei siste åra.

Desse tala gjeld tildelingar i Vestland fylke i perioden 2020–2025:

- Totalt: 262 tildelingar
- Totalt tildelt: 40,3 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 154 000 kroner

Tilskota går til eit breitt spekter av mottakarar. Kulturhus og kultursenter er ei stor gruppe. Ordninga dekkjer både frivillig sektor, kommunale institusjonar og profesjonelle aktørar.

Det meste av midlane går til øvingsutstyr og framføringsutstyr – alt frå sanganlegg, miksebord og lysutstyr, til slagverk og klavér. Derneft kjem akustiske forprosjekt som utgreier korleis lokala kan forbetrast. Ordninga har også satsa på grøn omstilling med 18 tildelingar til grønare løysingar, kompetanseheving og verkstad for reparasjon av utstyr. I tillegg får 27 prosjekt støtte til akustiske utbetringar av øvings- og framføringslokale.

Dei største enkelttildelingane har gått til omfattande bygg- og utbetningsprosjekt, som Verftet i Førde (3,2 mill. kr), Kultursal Saften i Leikanger (2,3 mill. kr) og Bergen Kjøtt (1,6 mill. kr).

Tabellen nedanfor viser tilskot over 500 000 kroner i perioden 2020-2025:

Søklar	Tildeling	Kommune
VERFTET AS	3 218 500	SUNNFJORD
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	2 520 300	BERGEN
SOGNDAL KOMMUNE	2 379 700	SOGNDAL
USF VERFTET	2 334 000	BERGEN
BCAP AS	1 895 000	BERGEN
OPERAHUSET NORDFJORD	1 765 000	STAD
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	1 422 500	BERGEN
TEATERDRIFT BERGEN AS	1 373 000	BERGEN
SKAKKE SA	1 031 000	ETNE
PREFORM AS	920 000	FJALER
KULTURHUSET ØSTRE AS	713 000	BERGEN
STUDENTSAMFUNNET I SOGNDAL	697 000	SOGNDAL
SOGNDAL KULTURHUS	671 200	SOGNDAL
PREFORM	652 500	FJALER
TYSNES UNGDOMSLAG	620 000	TYSNES
MALAKOFF ROCKFESTIVAL	563 000	STAD
GIVE MUSIC A CHANCE - NORWAY	530 000	BERGEN

²⁷ <https://kulturrom.no/>

4.4 ARENA

*Arena – tilskuddsordning for bygg og infrastruktur*²⁸ blir forvalta av Kulturdirektoratet som ei ordning til lokale og infrastruktur for profesjonell kunst og kultur. Føremålet til ordninga er følgjande:

Ordningen skal bidra til at det profesjonelle prosjektbaserte kunst- og kulturfeltet i hele landet innen billedkunst, scenekunst, musikk, litteratur, tverrkunstneriske uttrykk og det frie kulturvernet har tilrettelagt, bærekraftig og hensiktsmessig infrastruktur for produksjon, formidling og faglig utvikling.

Tildelingar i Vestland fylke, og tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylke, i perioden 2016–2024:

- Totalt: 83 tildelingar
- Totalt tildelt: 34,8 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 419 000 kroner

ARENA-tildelinga går i hovudsak til etablerte kulturinstitusjonar og profesjonelle aktørar. ARENA-midlane går primært til ombygging og oppgradering av kulturbygg – frå gamle industrilokale og bedehus som blir gjort om til kulturhus, til omfattande rehabilitering av museum og galleri. Fleire prosjekt får støtte til forprosjektering – arkitektteikningar og utgreiingar før sjølve ombygginga. Andre vanlege støtteområde er teknisk infrastruktur (lyd-, lys- og visningsutstyr), tilrettelegging av visingsrom, og universell utforming.

Tabellen nedanfor viser tilskot over 500 000 kr i perioden 2016-2025:

Søkjar	Tildeling	Kommune
ALDEA AS	2 000 000	BERGEN
M12 GRUPPEN	1 700 000	BERGEN
FJALER KOMMUNE (SAMVIRKET)	1 500 000	FJALER
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	1 500 000	ULLENSVANG
SUNDE KYST- OG LITTERATURSENTER	1 500 000	KVINNHHERAD
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	1 400 000	BERGEN
BERGEN CONTEMPORARY ART PROJECT AS	1 300 000	BERGEN
STIFTELSEN BERGEN SENTER FOR ELEKTRONISK KUNST	1 298 500	BERGEN
KULTURHUSET ØSTRE AS	1 250 000	BERGEN
HORDALAND KUNSTSENTER	1 200 000	BERGEN
TEATER VESTLAND AS	1 200 000	SUNNFJORD
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	1 150 000	BERGEN
HISTORY DISPOSAL UNIT	1 110 000	BERGEN
FORENINGEN TRYKKERIET	1 100 000	BERGEN
BCAP AS	1 000 000	BERGEN
LITTERATURBÅTEN EPOS	1 000 000	BERGEN
STIFTELSEN BERGEN INTERNASJONALE TEATER	1 000 000	BERGEN
TEATERDRIFT BERGEN AS	1 000 000	BERGEN
PIKSEL PRODUKSJONER LTD	850 000	BERGEN
HØYANGER KOMMUNE	800 000	HØYANGER
PREFORM AS	800 000	FJALER
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	800 000	KVAM
BIOREGION INSTITUTE AS	500 000	BERGEN
PREFORM AS	500 000	FJALER

²⁸ <https://www.kulturdirektoratet.no/web/guest/stotteordning/-/vis/arena>

4.5 Tilskot til nasjonale kulturbygg

*Tilskot til nasjonale kulturbygg*²⁹ blir tildelt gjennom ein eigen post på statsbudsjettet. I føremålet for ordninga står det mellom anna at tilskota skal «bidra til bygninger og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon». Hovedregelen er at den maksimale statlege tilskotsandelen er på 1/3 av godkjente kostnader.

Desse tala gjeld tildelingar til kulturbygg i Vestland fylke i perioden 2016–2025:

- Totalt: 16 tildelingar
- Totalt tildelt: 1 283 millionar kroner
- Gjennomsnittleg tildelt sum: 80,2 millionar kroner

Støtta går til dei største og mest etablerte kulturinstitusjonane i Vestland. Dette er gjennomgåande nasjonalt viktige institusjonar med brei oppslutning og stor publikumsrekkevidde.

Midlane har gått til store rehabiliteringsprosjekt og nybygg. Den Nationale Scene fekk totalt 709 millionar kroner (608 mill. i 2021 pluss 101 mill. i 2016) til rehabilitering, medan Sentralbadet scenekunsthuss fekk 230 millionar til nybygg. Andre store prosjekt er Lysøen komponisthjem (90 mill. kr) og Fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane (totalt 57,1 mill. kr over to fasar). Støtta dekkjer også utviding av Hardanger Fartøyvernssenter (43 mill. kr), Urnes verdsarvsenter (53 mill. kr), og fleire museumsbygg rundt om i fylket.

Alle desse prosjekta går over fleire år, og fleire har midlar som vil bli løyvd ved seinare statsbudsjett. Dette er langsiktige infrastruktursatsingar som skal sikre kulturbygg av nasjonal verdi for framtida.

Tabellen viser tildelingar frå ordninga i perioden 2016-2025:

År	Kulturbygg/arena	Tildeling	Kommune
2016	Sentralbadet scenekunsthuss	230 000 000	BERGEN
2016	Den Nationale Scene, rehabilitering tak	101 000 000	BERGEN
2016	Elektrisk passasjerbåt til Lysøen	15 000 000	BJØRNAFJORDEN
2016	KODE 1	26 000 000	BERGEN
2018	Rosenkranztårnet og Håkonshallen	1 600 000	BERGEN
2018	Voss folkemuseum	4 000 000	VOSS
2019	Bryggens Museum	16 000 000	BERGEN
2019	Fellesmagasin Musea i Sogn og Fjordane	40 000 000	SUNNFJORD
2019	Bergen Sjøfartsmuseum	6 000 000	BERGEN
2019	Nye Sunnhordlandsmuseet	15 200 000	STORD
2021	Den Nationale Scene	608 400 000	BERGEN
2021	Hardanger Fartøyvernssenter	43 000 000	KVAM
2025	Urnes verdsarvsenter	53 000 000	LUSTER
2025	Lysøen	90 000 000	BJØRNAFJORDEN
2025	Fellesmagasin Musea i Sogn og Fjordane - fase 2	17 100 000	SUNNFJORD
2025	Gamlekinoen på Voss	17 000 000	VOSS

²⁹ <https://www.regjeringen.no/no/dep/kud/tilskudd/tilskudd-til-nasjonale-kulturbygg-og-tus/id86015/>

4.5 Andre tilskotsordningar til kulturarenaer

I tillegg til tilskotsordningane som er presentert ovanfor finst det andre ordningar til kulturarenaer. Vi vil presentere nokre av desse nedanfor.

Vestland fylkeskommune lyser årleg ut *tilskot til arenautvikling i bibliotek*³⁰ der kommunar kan søkje om tilskot til oppgradering og utvikling av biblioteklokale.

Fylkeskommunen lyser ut *tilskot til verna kulturminne*³¹ som er prioritert gjennom kulturminneplanar i kommunar eller som er av høg regional verdi. Føremålet med ordninga er å minimalisere tap av verneverdige kulturminne, og midlane kan nyttast til å kompensere for meirkostnader knytt til bevaringsregulerte kulturminne. Fylkeskommunen lyser også ut andre ordningar innan kulturarv-området, som kan vere relevante for kulturarenaer.

*Kulturminnefondet*³² er ei tilskotsordning for private eigarar av kulturminne, der det mellom anna blir gitt tilskot til å sette i stand bygningar eller til å sikre kulturminne.

Bufdir lyser ut *tilskudd til åpen møteplass*³³ til fritidsklubbar, ungdomshus eller tilsvarende sosial arena for barn og ungdom mellom 10 og 24 år.

Det finst ei rekkje ulike stiftingar som gir tilskot til prosjekt for utvikling av kulturarenaer. *Stiftelsen UNI*³⁴ støttar tiltak som vernar historiske bygningar. *Gjensidigestiftelsen*³⁵ delar ut midlar til ulike samfunnsnyttige tiltak. I Vestland er det fleire ulike bankstiftingar som gir tilskot til kulturtiltak og arenaer. *Sparebanken Norge*³⁶ og *Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane*³⁷ er blant dei største av desse.

³⁰ <https://vestlandfylke.no/kultur/bibliotekutvikling/tilskot-arenautvikling-2023/>

³¹ <https://vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/tilskot-til-istandsetjing-av-verneverdige-kulturminne/>

³² <https://kulturminnefondet.no/>

³³ <https://www.bufdir.no/tilskudd/inkludering-av-barn-og-unge/apen-moteplass/>

³⁴ <https://stiftelsen-uni.no/>

³⁵ <https://www.gjensidigestiftelsen.no/>

³⁶ <https://prosjektmidler.spv.no/>

³⁷ <https://www.sparebankstiftinga.no/>

5. Mål, planar og politikk

Kulturarenaer blir forma av både nasjonale, regionale og lokale rammer, der lovverk, meldingar og planar set retning for utviklinga og formar kulturarenaene i Vestland.

5.1 Nasjonale rammer og mål for kulturbygg- og arenaer

Kulturbygg blir utvikla i samsvar med eit breitt spekter av lover, frå fysisk utforming til korleis bygga kan brukast og forvalta. Kulturlova, kulturskulelova, kulturminnelova, åndsverklova, biblioteklova, plan- og bygningslova og uu-lova er alle lover som påverkar kva kulturbygg som vert ført opp og korleis vi kan planlegge, bygge, drifte og nytte kulturbygg.

*Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)*³⁸ er nyleg revidert og styrka. Endringane inneber at kommunar og fylkeskommunar no må utarbeide ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet, og fastsetje overordna mål og strategiar i planverket sitt. Mange kommunar har dette frå før gjennom samfunnsdelen i kommuneplanen, men lovfestinga gir ei tydeleg klargjering av ansvaret. For kulturbygg betyr dette at behovet for eigna arenaer i større grad blir dokumentert og sett i samanheng med dei politiske måla for kulturutvikling. Samstundes får kommunar og fylkeskommunar eit meir forpliktande ansvar for å sikre eit mangfald av kulturarenaer som kan møte både dagens og framtidens behov.

Gjennom kulturmeldinga, Meld. St. 8 (2018-2019), *Kulturens kraft*³⁹ er det sett politiske mål for heile kulturfeltet, mellom anna for infrastruktur og arenaer for kulturytringar. I meldinga står mellom anna:

Arenaer for kultur er ikkje berre dei store kulturbygga, det er øvingsrom, atelier, produksjonslokale, dansestudio, folkebibliotek, museum, små og store lokale scener, kulturskulelokale, skular, fritidsklubbar, samfunnshus, kyrkjer og mykje meir. Det er behov for ein god fysisk infrastruktur for kulturutøving og -formidling som er eigna til formålet med tanke på storleik, akustikk og tilgang.⁴⁰

Frivilligheitsmeldinga, Meld. St. 10 (2018-2019) *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig*⁴¹ slår mellom anna fast at regjeringa vil «Vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og frivilligeigde bygg innanfor ramma av tippenøkkelen».

Regjeringa sin kulturfrivilligheitsstrategi 2023-2025 *Rom for deltaking*⁴² har tilgang på eigna lokale og brei deltaking og tilgang på kulturaktivitetar som to av hovudmåla.

I museumsmeldinga, Meld. St. 23 (2020-2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid*⁴³ blir det slått fast at musea er sentrale aktørar i den grunnleggjande infrastrukturen for demokrati og frie ytringar.

I Bibliotekmeldinga St.meld 23 (2008-2009) *Bibliotek Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid*⁴⁴ blir biblioteka og særleg folkebiblioteka omtalt som ein viktig møtestad, lærings- og kulturarena.

³⁸ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-29-89>

³⁹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/>

⁴⁰ Ibid., s. 40

⁴¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20182019/id2621384/?ch=1>

⁴² <https://www.regjeringen.no/contentassets/a1e73651f91042d690d9d5afaae13cd9/no/pdfs/rom-for-deltakelse.pdf>

⁴³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20202021/id2840027/>

⁴⁴ <https://www.regjeringen.no/contentassets/6a7ad6f5ba584c8aafdc8bfa5cba86b1/nn-no/pdfs/stm200820090023000dddpdfs.pdf>

5.2 Regionale planar og mål for kulturbygg- og arenaer

*Utviklingsplan for Vestland 2024–2028*⁴⁵ er ein reiskap for samfunnsutviklinga i Vestland. Planen definerer ulike satsingsområde og hovudmål, mellom anna at «Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket».

Regional plan for kultur 2023-2035 *Kultur bygger samfunn*⁴⁶ peikar ut retninga for den regionale kulturpolitikken i Vestland. I planen står det mellom anna: «Skal kulturlivet i Vestland vekse, utvikle seg og femne om alle, er moderne, funksjonelle og universelt tilrettelagde arenaer avgjerande.»⁴⁷ Vidare i planen står dette:

Det må finnast eit mangfald av ulike arenaer, tilpassa ulike behov og grupper. Dei mindre organisasjonseigde kulturbygga – grendehus, ungdomshus og samfunnshus – er like viktige som dei store kulturhusa for å kunne ha breidde i tilboda både til dei som er deltakarar og publikum.⁴⁸

Regional plan for kultur har også eit *handlingsprogram 2023-2026*⁴⁹ med konkrete tiltak for å utvikle kulturarenaene i Vestland.

I *regional plan for klima 2022-2035* finn vi mål som kan relaterast til kulturarenaer: «eksisterande bygningar kan nyttast eller brukast om, og område og bygningar kan transformerast framfor å rivast til fordel for nye bygningar.»⁵⁰

I *Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025*⁵¹ er to av tiltaka å «Utvikle kultur- og aktivitetstilbod for alle» og «Inkludering gjennom kultur, idrett og friluftsliv».

5.3 Kommunale planar og mål for kulturbygg- og arenaer

Vi har gjennomført ei enkel kartlegging av kva planar og mål kommunane i Vestland har for kulturbygg. Kartlegginga viser at ein av tre kommunar har kulturplan, fire av fem har kulturminneplan, medan berre nokre få har ein særleg plan for gjeld kulturarenaer. Sjølv om kommunale kulturminneplanar kan inkludere ein del kulturbygg har vi i vår undersøking valt å avgrense kartlegginga til om ein kommune har kulturminneplan eller ikkje.

Nedanfor er det plukka ut nokre eksempel på omtaler av kulturbygg i kommunale planar.

I Sunnhordland har kommunane gått saman om ein felles *Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland*⁵². Planen gjaldt frå 2016 til 2020. Så langt vi kan sjå er det ikkje andre kommunar i Vestland som har gått saman om ein slik felles plan. Bakgrunnen for planen var:

[...] eit ynskje om at kommunane i regionen i større grad kunne samarbeida om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utviklinga av dei anlegg som vert definert som regionale, slik at ein gjennom samarbeid og felles forståing kan utvikla eit godt utbygd tilbod innan idrett, friluftsliv og kultur.⁵³

⁴⁵ <https://vestlandfylke.no/globalassets/foto/plan/utviklingsplanen/upvl-2024-2028-regional-planstrategi.pdf>

⁴⁶ <https://vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/230322-regional-plan-for-kultur-retta-etter-politisk-vedtak.pdf>

⁴⁷ Ibid., s. 42

⁴⁸ Ibid., s. 42

⁴⁹ https://vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/kultur-bygger-samfunn_handlingsprogram_ny-grafikk.pdf

⁵⁰ <https://vestlandfylke.no/globalassets/klima-og-natur/regional-klimaplan/regional-plan-for-klima-2022-2035-vedtatt-i-ft-des-2022.pdf>, s. 27

⁵¹ <https://vestlandfylke.no/globalassets/folkehelse/planar-folkehelse/vedteke--handlingsprogram-for-folkehelse-2020-2025.pdf>

⁵² <https://aimblob.blob.core.windows.net/aimfiles/0fb54168-3946-4c79-acba-3e72fa788c2b.pdf>

⁵³ Ibid., s. 3

Dei fleste kommunane omtaler kulturfeltet i samfunnsdelen av kommuneplanen. Her er ordlyden ofte generell og lite konkret. I den grad kulturarenaer vert nemnt er det ofte i form av at kommunen vil støtte opp om og legge til rette for møteplassar. Enkelte løftar fram eitt eller fleire prosjekt dei vil satse på. Felles for dei fleste er at dei har eller ønskjer seg arenaer som fungerer som sosiale møteplassar og legg til rette for eit allsidig kulturliv. Eksempelvis skriv Austrheim kommune dette i kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedtatt i 2025:

Sosiale møteplassar og eit allsidig idrett- og kulturarbeid i heile kommunen skal styrkast.⁵⁴

Fleire ser på kulturbygg som viktige for sentrums- og næringsutvikling. Bergen kommune skriv dette i *Kulturarenaplan 2019-2030*:

Bergen kommunes støtte til kulturnæringsklynger, driftstilskudd til større produksjonslokaler innenfor flere sjangere og prosjekttstilskudd til realisering av nye etableringer i regi av ulike kunstnergrupper er viktig for kunst- og kulturproduksjonen, for utvikling av kunstner- og kulturmiljøene, for levende byrom og en god byutvikling.⁵⁵

Elles peikar andre på behov for modernisering og universell utforming av kulturbygg. Mellom anna skriv Ullensvang kommune i sin *Temaplan for kultur 2023-2027*⁵⁶ at:

Odda kino og kulturscene må få universell tilkomst og heis til scene for bli eit fullgodt kulturhus.⁵⁷

I tillegg til omtale i kommunale planar er det mange kommunar som vedtar prioriteringsliste eller handlingsplan for kulturbygg dei meiner det er viktigast får tildelt spelemidlar. Ei slik liste er eit krav for å få tildelt midlar gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. I dei fleste tilfelle er dette avgrensa til ei prioritert liste over dei bygga som har søkt om spelemidlar i den aktuelle kommunen utan vidare utgreiingar.

Generelt syner vår kartlegging at planar og mål for kulturbygg- og arenaer viser lite igjen i dei kommunale planane.

⁵⁴ <https://prod02.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowDocument/a9103361-55ca-477e-ad2b-00f79954109d/13519/27483>

⁵⁵ <https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/planer-i-kommunen/informasjon-om-den-enkelte-plan/byradsavd-for-naring-kultur-og-idrett/kulturarenaplan-2019-2030>

⁵⁶ https://ullensvang.kommune.no/_f/p1/i3141fa72-4b82-445f-a209-c7a25979fc17/Vedteke-Temaplan-kultur.pdf

⁵⁷ Ibid., s.15

6. Undersøkingar og forskning

Det har dei seinare åra blitt samla inn data og forska på kulturlivet sine behov for lokale, og kor tilgjengelege og funksjonelle kulturarenaene er. Det har også blitt lansert rapportar som tar føre seg endringstrekk og behov for framtida. Vi vil i det vidare presentere nokre av desse.

6.1 Kulturlivet og frivilligheita sine behov for lokale

Gjennom rapporten *Er det rom for kultur i norske kommuner*⁵⁸ frå 2022 presenterer Telemarksforskning ei undersøking om bruk og behov for kulturlokale, hovudsakleg basert på intervju med kultursjefar i 17 kommunar. Undersøkinga viser at kulturlokala som blir nemnt som regel er kulturhus, skular, samfunnshus/grendehus, kulturskulelokale, kinoar, bibliotek og kyrkjer. Dei fleste moderne kulturhus er godt eigna for bruken, medan skular og samfunnshus ofte blir rekna som mindre eigna, då desse ofte ikkje er bygde for kulturføremål. Dei eldre kulturhusa er som regel bygde for kultur, men kan ha behov for oppgraderingar.

Undersøkinga til Telemarksforskning⁵⁹ viser at fleire kommunar involverer kulturlivet i utviklinga av nye kommunale bygg. Vidare viser den at leigeprisane kan variere, frå gratis utleige til barn og unge, til høgare leigeprisar - spesielt der lokala er eigd av private aktørar. Undersøkinga viser at frivilligheita melder om behov for fleire lokale, meir tid i lokala, at lokala må bli betre eigna og at dei treng større tilgang til lagringsplass. Kommunane melder om ulike tiltak for å betre kulturlokala. Enkelte har gjort kartleggingar av kulturarenaene i kommune, og har vedtatt eigne planar for desse. Viljen til å prioritere og søkje om midlar til kulturarenaene varierer mellom kommunane. Det er også stor variasjon i kva utviklingstiltak kommunane ønskjer for arenaene.

I rapporten *Frivillighetens behov for egnede lokaler*⁶⁰ som SOLKOM gav ut i 2022 på oppdrag for Frivillighet Norge blir det slått fast at det berre er vaksenopplæringslova som sikrar gratis bruk av lokale for frivilligheita. Rapporten peikar på at utfordringane med lokale grovt sett kan delast i tre: (1) Reell mangel på eigna lokale. (2) Betre utnytting og universell utforming av eksisterande lokale. (3) Behov for ei samla oversikt over lokale og betre kunnskap om lokala. Rapporten konkluderer med at terskelen for å delta aukar om det ikkje blir lagt til rette for nok eigna lokale for frivilligheita.

Rapporten *Organisasjonslandskap i endring 2009-2019*⁶¹ gitt ut av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor i 2020 viser at ein del frivillige organisasjonar har utfordringar med å få eigna lokale til aktivitetar. Flest organisasjonar låner eller leiger lokale frå kommunen, og skular er dei mest nytta lokala. Lokallagsundersøkinga som dataene er henta frå viser også at om lag 20 % av organisasjonane sjølv var eigar eller medeigar av lokale i 2019.

Kulturalliansen, den nasjonale paraplyen for frivillige kulturorganisasjonar, har gjennomført kartleggingar av kulturlokale i 64 kommunar, i samarbeid med Norsk Musikkråd og Kulturrom. I rapporten *Rom for kultur*⁶² frå 2022 presenterer Kulturalliansen hovudfunna etter kartleggingar i 25 av kommunane. Desse viser at dei fleste laga har øving og framføring i offentlege eller organisasjonseigde bygg, i stor grad i samfunnshus, kyrkjer og skular. Dei viser også at mange av lokala ikkje er akustisk eigna for aktiviteten, at berre halvparten av øvingslokala er tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne, at det er mangel på tilgang til lager og eit stort behov for oppgradering av dei organisasjonseigde kulturbygga.

⁵⁸ <https://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/er-det-rom-for-kultur-i-norske-kommuner/4139/>

⁵⁹ ibid

⁶⁰ <https://s3.eu-west-1.amazonaws.com/frivillighet-norge/Rapport-Lokaler-siste-versjon.pdf>

⁶¹ <https://samfunnsforskning.brage.unit.no/samfunnsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2639499/Organisasjonssamfunn%20i%20endring.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

⁶² <https://static1.squarespace.com/static/5615038de4b0a283deee9de2/t/638747326db1a64d4f050ccd/1669809990591/Rapport+25+kommuner+2022+pdf.pdf>

I rapporten *Kartlegging av det sceniske amatørfeltet*⁶³ frå 2025 har Rambøll kartlagt frivillige aktørar på scenekunstheltet, innan uttrykksformer som teater, dans, revy, spel, impro og meir. Kartlegginga viser at over halvparten brukar mindre lokale scener, som skular, kommunehus og ungdomshus til framføringar, medan ca. 40 % framfører på ei fullverdig profesjonell scene, og nokre færre på utandørsscener, i gymsal, idrettshall, bar eller serveringsstader. I undersøkinga svarar nesten halvparten av dei frivillige scenekunstaktørane at dei leiger/låner lokale av kommune eller fylkeskommune, 35 % at dei leiger av privat aktør og 18 % svarar at dei eig lokala sjølv. 35 % av respondentane svarar at dei får låne lokala gratis.

I NOU 2025: 7 *Musikklandet Flerstemt musikkpolitikk for framtiden*⁶⁴ blir det slått fast at godt eigna lokale og arenaer for musikk er ein føresetnad for at musikken sitt økosystem kan fungere. Musikklivet har behov for eit breitt spekter av arenaer, som øvingsrom, studio, scener og kulturhus, og melder om eit stort udekt behov for eigna arenaer. NOU-en peikar på at fylkeskommunane og kommunane utviklar arenaene både gjennom tilskot og kompetanse. Musikkfrivilligheita er spesielt opptatt av at mange av lokala ikkje er akustisk eigna til aktiviteten. NOU-en peikar på behovet for ein nasjonal kulturarenapolitikk og betre oversikt over kulturarenaer. NOU 2025: 7 viser til at den nye kulturlova stiller krav om at kultur i større grad skal inkluderast i kommunal planlegging, og meiner dette kan få betyding for utvikling av gode arenaer for lokal kulturutøving.

Det finst mange eksempel på sambruk og fleirbruk av arenaer for idrett og kultur. Vestland fylkeskommune har dei seinare åra satsa på prosjektet *nyskapande aktivitetsanlegg*⁶⁵ i samarbeid med mellom anna *Tverga* og danske *Lokale og Anlægsfonden*, der målet er å utvikle lokale møteplassar med varierte lågterskeltilbod for fysisk aktivitet.

Folkebiblioteket er døme på ein arena der ein kan møte og interagere med både kjende og ukjende menneske. Biblioteket blir ofte definert som ein tredje stad, som ein uformell offentleg stad der ein møter kjende og får nye kjenningar. Slike tredje stader er viktige for eit fungerande sivilsamfunn, for demokrati og for deltaking (Oldenburg, 1999). Biblioteket kan også vere ein stad for både høg- og lågintensive møte. Som høgintensiv møtestad er det ein stad der vi kan dyrke våre primære interesser og engasjere oss saman med menneske som delar desse interessene. Som lågintensiv møtestad er biblioteket ein arena der vi blir eksponert for menneske ulik oss sjølv, og møter andre med ulike interesser, verdiar og synspunkt (Audunson, 2005). Det er få lågintensive møteplassar igjen i dagens samfunn. Slike møtestader står opp under fellesskap og forståing, og bygger opp under demokratiet.

Som ein føresetnad for å vere ein møtestad for alle, må arenaene vere opne og tilgjengelege. For utforming av arenaene betyr dette at dei ikkje berre reint fysisk må vere tilrettelagt for deltaking for alle, men også at dei er offentlege stader med rom som innbyr til sosiale aktivitetar, deltaking og sosial samvær og samtale mellom menneske.

6.2 Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg

Oslo Economics la i 2025 fram *Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg*,⁶⁶ der dei ser på den spelemiddelfinansierte kulturbyggordninga, etter oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Spørjeundersøkinga som vart gjennomført blant kulturorganisasjonar i samband med gjennomgangen viser at mange kulturarenaer blir nytta til fleire ulike formål, og at det ikkje er eit tydeleg skilje mellom kva kulturarenaer som blir nytta av frivillige og profesjonelle kulturaktørar. Spørjeundersøkinga viser at skular er den viktigaste øvingsarenaen, etterfølgt av samfunnshus, kulturhus og kyrkjebygg, medan dei vanlegaste framsyningsarenaene er kyrkjebygg, kulturhus, samfunnshus/grendehus, skular og konsertstader.


⁶³ https://www.regjeringen.no/contentassets/644fd71646ac44589f1b03bf9f7d6667/rapport_kartlegging-scenisk-amatorfelt-27.05.2025.pdf

⁶⁴ <https://www.regjeringen.no/contentassets/324fa3fcf33a45569f5e585e553ae90e/no/pdfs/nou202520250007000dddpdfs.pdf>

⁶⁵ <https://vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/nyskapande-aktivitetsanlegg/>

⁶⁶ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

I rapporten⁶⁷ er det lagt fram statistikk som viser at det totale tilskotet gjennom ordninga har gått ned frå nesten 180 mill. kr i 2013 til rundt 60 mill. kr i 2022 og litt over 80 mill. kr i 2023 og 2024 (summane er i 2024-kroner). Vestland peikar seg ut som fylket med høgst søknadsbeløp til ordninga. I Vestland blir gitt mest tilskot til samfunnshus, grendehus og ungdomshus, og noko mindre til kulturhus, skule og «annet». Vestland er også det fylket (irekna Hordaland og Sogn og Fjordane) som har gitt tilskot til desidert flest prosjekt i perioden 2004-2024, noko figuren nedanfor viser:⁶⁸



Jamt over viser undersøkinga at både øvings- og framsyningsarenaene varierer når det kjem til tilgjenge og kor eigna dei er, noko vi kjem meir inn på i neste kapittel.

6.3 Kulturarenaer – tilgjenge og funksjon

I følgje *Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg*⁶⁹ har kulturarenaene sine funksjonar endra seg i takt med endringar i samfunnet. Dei aller fleste av kulturorganisasjonane som deltok i undersøkinga i samband med gjennomgangen svarar at dei er heilt einig eller ganske einig i at øvingsarenaene er tilgjengeleg med omsyn til geografi, reiseveg og pris. Når det gjeld framvisingsarenaer svarar nesten tre av fire at dei er heilt einig eller ganske einig i at arenaen er tilgjengeleg med omsyn til geografi og reiseveg, medan om lag halvparten er einig i at arenaen er tilgjengeleg med omsyn til pris. Vidare svarar to av tre av respondentane at dei er heilt eller ganske einig i at øvingsarenaene er tilgjengelege med omsyn til kapasitet. Litt over halvparten svarar det same om framsyningsarenaene.

Tilgjengelegheita blir vurdert til å vere varierende med omsyn til universell utforming. 58 % svarar at dei er heilt eller ganske einig i at øvingslokala er tilgjengeleg, medan 21 % er heilt eller ganske ueinig i dette. To av tre svarar at dei er heilt eller ganske einig i at framvisingsarenaene er tilgjengelege med tanke på universell utforming.

I gjennomgangen kjem det fram at kapasiteten på arenaene varierer mellom bygd og by. Enkelte trekker fram at det på mindre plassar kan vere færre lokale som blir brukt av ei stor breidde av aktørar, medan større plassar har fleire spesialiserte kulturarenaer. Lang reiseveg blir trekt fram som ei utfordring på mindre sentrale plassar.

Akustikk og teknisk utstyr er løfta fram som ei utfordring av mange av respondentane. Her er framvisingsarenaene jamt over betre eigna enn øvingsarenaene. I kva grad arenaene er eigna varierer

⁶⁷ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

⁶⁸ Ibid., s. 36

⁶⁹ Ibid.

mellom ulike typar kulturarenaer og kulturytringar. Mellom anna skil skular seg ut med mindre eigna lagerforhold enn andre arenaer. Samfunnshusa blir vurdert til å ha mindre eigna akustikk og teknisk utstyr enn andre kulturarenaer, medan kulturhus blir vurdert til å vere noko betre eigna både som øvings- og framvisingsarena.

Telemarksforsking la i 2024 fram rapporten «Akustikken kunne vært bedre, men huset er iallfall tilgjengelig»,⁷⁰ basert på Kulturalliansen si kartlegging av lokale for frivillig kulturliv i 63 kommunar. Kulturfrivilligheita nyttar i stor grad samfunnshus, kyrkjer og skular som sine hovudlokale, og mange av desse bygningane er eldre og har behov for vedlikehald. Kartlegginga viser at 40 % av korpsa øver i rom som er tydeleg for små i forhold til minstekrav som er slått fast i Norsk musikkråd sin ISO-standard for lydforhold. Samtidig er det mange kor som øver i rom som anten er for store eller for små i forhold til ISO-standard. I kartlegginga av universell utforming av øvingsrom og framføringsrom kjem det fram at nesten 80 % av romma har tilstrekkeleg dørbreidde, medan om lag to av tre har trinnfri tilgang og eller HCWC i nærleiken av rommet. Eit fåtal av dei kartlagde øvingsromma og framføringsromma er lagt til rette med teleslynge for høyrsllehemma.

Telemarksforsking ser også på kor tilfreds brukarane er med lokala. Jamt over er brukarane sjølv godt fornøgd med både tilgangen på lokale, lydforhold, ventilasjonsforhold/varme, lysforhold og lagerforhold. Samtidig svarar ein av fire som representerer lydsterk musikk at dei er misfornøgd med lydforhold/akustikk. Sjenerande bakgrunnsstøy er også nemnt som ei utfordring. Nesten halvparten av brukarane svarar at dei er misfornøgde med lagerforholda.

Telemarksforsking har gjennom rapporten *Har kulturfrivilligheten rom for alle? Universell utforming av kulturfrivillighetens rom*⁷¹ frå 2024 analysert Kulturalliansen si kartlegging av kulturfrivilligheita sine lokale når det gjeld universell utforming. Nesten halvparten av kulturromma er fullt lagt til rette for rørslehemma, medan berre 12 % av romma har teleslynge for høyrsllehemma. Funna viser at nyare bygg er betre lagt til rette, spesielt for rørslehemma. Kyrkjebygg er best lagt til rette for høyrsllehemma, medan kulturhus og skular er best lagt til rette for rørslehemma. Dei kommunalt eige bygga er ofte betre tilrettelagt enn dei som er eigd av lag og private. Rapporten konkluderer med at frivilligheita sine kulturlokale må tydeleg forbetrast for å oppfylle FN sine berekraftsmål om mindre ulikskap og den norske handlingsplanen for universell utforming.

Fylkesbiblioteket Akershus, Buskerud og Østfold la i 2024 fram sluttrapport frå pilotprosjektet *Bedre universell utforming (UU) av folkebibliotek i Viken*.⁷² Her vart statusen på universell utforming ved tre folkebibliotek kartlagt, kombinert med ei spørjeundersøking blant 51 folkebibliotek. Resultata viste at det er rom for forbetringar, og at biblioteka ønskjer mellom anna sjekklistar, auka kompetanse, økonomiske ressursar, betre forankring og meir rettleiing.

Proba samfunnsanalyse gav i 2023 ut *Tilstandsrapport om universell utforming i Vestland*,⁷³ på oppdrag for Vestland fylkeskommune. Denne viser at det er mangel på kunnskap om universell utforming innan dei fleste samfunnsområde. I rapporten kjem det fram at kulturbygg er blant dei bygningane som er rapportert til å ha dårlegast tilgjenge blant ulike offentlege bygg registrert i databasen IK-bygg (76 % av dei registrerte bygga er tilgjengelege), medan skular og kyrkjebygg – som også blir nytta til kulturverksemd – har noko betre tilgjenge.

I ein annan rapport frå Proba samfunnsanalyse frå 2025⁷⁴ ser ein nærmare på universell utforming, basert på Fylkeshelseundersøkinga i Vestland i 2022-2023. Denne viser at fire prosent rapporterer om

⁷⁰ <https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/akustikken-kunne-vaert-bedre-men-huset-er-iallfall-tilgjengelig/4484/>

⁷¹ <https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/har-kulturfrivilligheten-rom-for-alle/4524/>

⁷² <https://fylkesbiblioteketabo.no/wp-content/uploads/2024/03/Sluttrapport-UU-pilot-folkebibliotek-i-Viken-2024-3.pdf>

⁷³ <https://vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/proba-rapport-2023-3-tilstandsrapport-om-universell-utforming-i-vestland.pdf>

⁷⁴ <https://proba.no/wp-content/uploads/2025/02/Proba-rapport-23098-Verdien-av-universell-utforming-OFFENTLIG.pdf>

uu-barrierar, og at barrierane er relatert til dårleg livskvalitet og einsemd. Universell utforming kan ha betydning for både personar med varige funksjonsnedsettingar, men også personar med mellombelse funksjonsnedsettingar, pårørande, helsepersonell og etniske minoritetar, i følgje rapporten.

6.4 Endringstrekk, berekraft og framtidens kulturlokale

I rapporten *Fyrtårn eller sinke? Framtidens kulturlokaler i den grønne omstillingen*,⁷⁵ som mellom anna Norske kulturhus, Kulturrom og Norsk kulturforum står bak, blir det hevda at 90 % av framtidens bygg allereie finst. Gjennom rapporten blir det sett på korleis framtidens kulturlokale kan bli klimanøytrale eller klimapositive, og tatt til orde for at kulturproduksjonen i tiåra framover hovudsakleg skal skje i bygg som allereie finst, men som kanskje må endrast eller forvaltast på andre og nye måtar.

Rapporten formidlar kunnskap frå intervju med sentrale personar ved seks ulike kulturhus i landet, i tillegg til fagpersonar med kompetanse innan arkitektur og sceneteknikk. Her blir det først og fremst sett på praktiske tiltak og rutinar knytt til teknisk utstyr, vedlikehald og drift i eit klimaperspektiv. Det blir samtidig hevda at kulturlivet heng etter når det gjeld klimavenlege og berekraftige praksisar.

Rapporten *Kulturlivets klimapåvirkning 2024*,⁷⁶ utarbeida av Virke i samarbeid med ulike kulturaktørar, estimerer det totale avtrykket av CO₂ frå den norske kultursektoren. I tillegg presenterer rapporten intervju med utvalde kulturaktørar om arbeid med klima og miljø, og kjem med tilrådingar for reduksjon av klimautslepp ved kulturarenaer. Tilrådingane er delt i to – ei liste for offentlege myndigheiter og ei for kulturaktørar. For myndigheitene sin del handlar tilrådingane om å skru opp ambisjonane innan klima og berekraft, å legge til rette for eit kunnskapsløft om klimaarbeid i kultursektoren, å fremje lokale løysingar på tvers og å samordne regelverk og planar for m.a. sirkulærøkonomi. Vidare handlar det om felles ansvar og løysingar mellom det offentlege og kulturaktørane og å utvikle rettleiarar i innkjøp av varer og tenester i kultursektoren. For kultursektoren sin del handlar tilrådingane om å jobbe i lag og dele beste praksis. Vidare handlar det om å revurdere behov for innkjøp av nytt utstyr og satse meir på ombruk, å dele på utstyr og fasilitetar, unngå overforbruk og matsvinn, å miljøsertifisere verksemdene, stille klima- og miljøkrav til produkt og tenester og auke kompetansen om klima og berekraft i kultursektoren.

I evalueringskapitlet i *Gjennomgang av Desentralisert ordning for kulturbygg*⁷⁷ blir det peika på variasjon mellom fylkeskommunane i forvaltninga av ordninga, og at den er for lite marknadsført. Det blir problematisert at ein del fylke baserer tildelinga av midlar på ei køordning framfor regionale behov i kulturlivet. I vurderinga av ordninga blir det peika på at den samla tilskotsramma på langt nær er stor nok til å møte behova for eigna og tilgjengelege arenaer. Ordninga blir vurdert til å vere meir avgjerande for realisering av mindre prosjekt innan frivillig kulturliv enn for større prosjekt, og at modernisering av slike arenaer i stor grad kan bidra til å styrke lokalt og regionalt kulturliv.

Frå Danmark kan *Lokale og Anlægsfonden* sitt prosjekt *Fremtidens kulturbyggerier*⁷⁸ gje kunnskap om tendensane når det gjeld utvikling av kulturbygg- og arenaer. I analysen frå prosjektet blir det peika på fem tendensar som er med å sette dagsorden når det gjeld kulturarenaer i Danmark. For det første blir det stadig større fokus på å få dei *stadbundne kvalitetane* inn i kulturbygget. Dette påverkar både fysisk plassering i byrommet eller landskapet, og det å bruke staden si historie eller karakter som inspirasjon i arkitektur og val av materiale. Det blir også lagt vekt på *fleirfunksjonalitet*, det at stadig fleire funksjonar, organisasjonar og brukargrupper blir samla i dei nye kulturbygga. Vidare er det stadig meir vanleg at eldre industribygningar blir *transformert* til kulturelle formål, noko som er med å bevare staden si historie og identitet. Det er også større merksemd om å *aktivere områda rundt kulturbygga*, og skape samanhengande byrom med nye opplevingar for innbyggjarar og besøkande. Den femte tendensen handlar, i følgje analysen, om auka merksemd om miljømessig, sosial, kulturell og økonomisk *berekraft* ved kulturbygga.

⁷⁵ https://kulturrom.no/wp-content/uploads/2024/09/FramtidensKulturlokaler2024_enkeltsider.pdf

⁷⁶ <https://www.kulturhus.no/wp-content/uploads/2024/08/kulturlivets-klimapavirkning-2024.pdf>

⁷⁷ <https://www.regjeringen.no/contentassets/4f7a8a6e55d4411a8e0341b250ea9891/gjennomgang-av-desentralisert-ordning-for-kulturbygg-oslo-economics.pdf>

⁷⁸ <https://www.loa-fonden.dk/viden/2022/fremtidens-kulturbyggerier/>

7. Ressurssider, rettleiarar og verktøy

*Kulturlokaler.no*⁷⁹ er ei ressurside som skal sikre gode lokale til kulturføremål, og inneheld mellom anna rettleiarar, sjekklister for rom til ulik bruk, publikasjonar, tilskotsordningar og gode eksempel.

*Musikklokaler.no*⁸⁰ er Norsk Musikkråd si ressurside for gode lokale til musikkføremål, med normer og standardar, publikasjonar, sjekklister og ressursar knytt til akustikk.

*Huset i bygda*⁸¹ blir drifta av Noregs ungdomslag som ei ressurside for organisasjonseigde kulturbygg som handlar om m.a. drift av huset, aktivitet og økonomi.

*Skolen som kulturarena*⁸² vart gitt ut i 2023 som ein rettleiar ved bygging av skular som også skal vere lokal kulturarena. Målet med rettleiaren er at undervisnings-, øvings- og framføringslokale blir tilpassa dagens behov, men med fleksibilitet til å kunne dekke behov i framtida med lågast mogleg kostnad.

*Barrierefri fritid*⁸³ er organisert av Unge funksjonshemmede med ei ressurside med informasjon om sertifiseringsordning for aktivitetstilbydarar som vil bli betre på å legge til rette, gjennom m.a. *Inkluderingsmerket* og ein inkluderingsrettleiar.

KS gav i 2024 ut *Kulturhus. Universell utforming for aktive og sosiale liv*.⁸⁴ Kulturhus som har tatt grep for å bli tilgjengelege blir presentert i heftet – til inspirasjon og læring.

KS har også gitt ut heftet *Bibliotek. Universell utforming for aktive og sosiale liv*,⁸⁵ med eksempel på korleis ulike bibliotek har jobba med å bli tilgjengelege.

Bibliotekutvikling.no har ei ressurside kalla «Bibliotekrommet»,⁸⁶ som m.a. handlar om biblioteket som møtestad og arena, om universell utforming og om korleis innreie for ulike behov.

Gjennom *Standard Norge* finn ein standard for akustikk i musikklokale.⁸⁷ Den internasjonale standarden for akustikk i musikklokale vart for nokre år sidan supplert med ein standard for mindre kultursalar og fleirbrukssalar.

⁷⁹ <https://www.kulturlokaler.no/>

⁸⁰ <https://www.musikklokaler.no/>

⁸¹ <https://www.husetibygda.no/>

⁸² <https://www.kulturlokaler.no/wp-content/uploads/2024/01/Veileder-Skolen-som-kulturarena-Viken-fk-231204-Universelt-utformet.pdf>

⁸³ <https://www.barrierefrefritid.com/>

⁸⁴ <https://www.ks.no/contentassets/b3b7ed461beb434f8615c0c92a5a1f1e/23343-UU-hefte-Kulturhus-web-NY.pdf>

⁸⁵ <https://www.ks.no/contentassets/b3b7ed461beb434f8615c0c92a5a1f1e/UUhefteBibliotekNy.pdf>

⁸⁶ <https://bibliotekutvikling.no/kompetansebank/lessons/utforming-av-bibliotekrommet/>

⁸⁷ <https://standard.no/fagomrader/akustikk-og-stoy/akustikk-i-musikklokaler/>

8. Kjelder

Audunson, R. (2005). The public library as a meeting-place in a multicultural and digital context : The necessity of low-intensive meeting-places. *Journal of Documentation*, 61(3), 429-441.
<https://doi.org/10.1108/00220410510598562>

Oldenburg, R. (1999). *The great good place : cafés, coffee shops, bookstores, bars, hair salons, and other hangouts at the heart of a community*. Cambridge: Da Capo Press

I notar gjennom teksten viser vi til kjelder og referansar som er tilgjengelege som nettressursar.

